

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)

Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Deres referanse:

202309759Dato: **23.02.2024**Saksnr.: **2024/32448**Dok.nr.: **6**

Saksbehandler:

Steinar Eldøy

Bjerkreim kommune - Høyring av søknad om løyve til gjenfylling av vatn i Bjerkreimsvassdraget for etablering av North Sea Energy Park

Vi viser til høyringa av søknad om løyve til gjenfylling av Vindskartjørna, tre namnlause vatn samt fleire bekkar i planområdet for North Sea Energy Park, Hetlandskogen, i Bjerkreim kommune.

Rogaland fylkeskommune v/fylkesutvalet har tidlegare handsama detaljreguleringsplanen for område i møte 19.05.2021, og fylkesutvalet var då positiv til etablering av kraftkrevjande industri i Hetlandsskogen, men forutsette at planen måtte vidareutviklast for å redusere konfliktnivå. Av spørsmål relevante for gjenfylling av vatn og bekkar i planområdet, fremja fylkesutvalet motsegn mot i høve til manglande massedisponering, men uttalte at denne kunne fråfallas dersom det i føresegnene blei lagt inn krav om det i byggesøknadene. Vidare fremja fylkesutvalet faglege råd om trinnvis utbygging og tiltak for å redusere landskapsverknaden, samt bruk av overskotsvarme og størrelse på areal avsett til sirkulær økonomi. Kommunen tok omsyn til dei motsegner fylkesutvalet hadde, og motsegnene vart dermed trekte.

Fylkestinget i Rogaland vedtok 14.06.2023 fylkeskommunes regionalplan for grøn industri. I denne planen er Bjerkreim med North Sea Energy Park trekt spesielt fram som eit regionalt prioritert energiknutepunkt for utvikling og byggemodning av prioriterte næringsparkar. Vidare seier planen at det skal vere særskilt regional innsats for å sikre industrivekst i Bjerkreim.

Vi er med utgangspunkt i dette positive til at NVE har teke søknad om konsesjon til behandling og ber om at saka blir prioritert.

Fylkesutvalet sitt vedtak og saksframlegget frå fylkesdirektøren om detaljreguleringa for Hetlandskogen er lagt ved som ein del av uttalen til den søknaden om løyve til gjenfylling av vassdrag i området som nå er på høyring.

Konklusjonen om at fylkeskommunen er positiv til etablering av North Sea Energy Park i Hetlandsskogen ligg fast, og våre merknader nå er avgrensa til spørsmål som gjeld gjenfylling av vatn og moglege verknader for vassmiljø. Vi har ingen motsegn til søknaden om løyve til gjenfylling, men vi har nokre innspel og faglege råd.

Det blei innarbeidd føresegnar om massehandtering under rekkefølgjekrav i reguleringsføresegnene, der det mellom anna står at det må utarbeidast massehandteringsplan før det blir gjeve løyve til tiltak i det delområdet det ein søknad gjeld. Vidare er det lagt fast at før ein kan deponere massar innanfor planområde, må det søkast om løyve til mellombels lagring og permanent disponering av jord og steinmassar innafør planområdet etter forureiningslova (§ 11), samt at myrareal som må omdisponerast innafør planområdet må handterast på ein forsvarleg måte slik at CO₂/metan-lagra blir forseгла på best mogleg vis.

Generelt er søknaden som gjeld løyve til gjenfylling av vatn på fleire punkt etter vår vurdering lite konkret, både i framstillinga av korleis utbygginga er tenkt gjennomført og korleis dei indikerte avbøtande tiltaka er tenk utført. Det er heller ikkje lagt ved nokon massehandteringsplan med nærare omtale av kva slags masser eller volum det er aktuelt å fylla ut, eller annan informasjon om korleis massane skal handterast.

Dei skissene som er lagt fram for plassering av bygningar er ikkje samanfallande mellom dei ulike dokumenta, og ser ut til å ha blitt endra i sjølve søknaden både samanlikna med det som låg inne i den opphavslege detaljreguleringa og den endringa i reguleringa som vart vedteken i 2023. Det er og manglande samsvar mellom dei karta som ligg i søknaden og dei visualiseringane som er lagt ved.

Av kartet i figur 11 i søknaden ser det ut som om det som er nemnt som Vatn 1 ikkje vil bli omfatta av utbygginga, Tjørn 2 og 3 ser ut til å liggja heilt i grensa for det som er vist som område B-1. Det er dermed uklart om det er naudsynt å fylle igjen desse, og kva som i tilfelle grunngjevinga er for det. Vindskartjørna ligg i det som i kartet er vist som C-1 og C-2. Tabell 2 seier ikkje noko om C-1 og C-2, men to område er kalla C3-1 og C3-2. I det som står om rekkefølge på utbygging er det ikkje nemnt noko om C-1 og C-2, og dermed er det og uklart kvifor det er naudsynt å få løyve til å fylla igjen Vindskarvatnet allereie nå. Vi saknar nærare vurderingar av kva moglegheiter det er for å justera plasseringar av bygningar, og om arronderinga på området kan justerast på ein slik måte at det eventuelt kan redusere behovet for gjenfylling

Når det gjeld det som står i søknaden om hydrologiske forhold og løysingar for overvasshandtering, så synest det å kunne vere usikkerheit i talmaterialet som er lagt til grunn for vurderingane. Det er skissert løysingar og idéar og ønskjer om å finne gode løysingar, planar for korleis det skal gjerast er lite konkrete. Dette gjer det utfordrande å vurdere konsekvensane av planane og om det som er skissert er tilstrekkeleg til å sikre ei god overvasshandtering som ikkje vil påverke vassdraget negativt nedstraums tiltaksområdet.

NVE bør vurdere om planane for overvasshandtering må vidareutviklast og konkretiserast på ein betre måte, og om det trengst meir detaljerte berekningar av moglege vassmengder for å kunne avklare naudsynt storleik på dei bassenga som skal halde tilbake vatn og sikre at det ikkje blir auka vassføring og erosjon i vassdraga nedstraums i situasjonar med mykje nedbør. Det bør og vurderast om deler av dei areala som i gjeldande plan er tenkt fylt ut, kan behaldast som i dag. Eksisterande vatn, skog, myr og andre naturlege flater med vegetasjon vil generelt ha betre kapasitet til å halda på vatn enn harde flater. Dersom ein kan sikra at ikkje unødig store areal blir fylt ut og planert, kan det minska behovet for andre tiltak for overvasshandtering.

Vi har elles merka oss at det i rapporten om konsekvensar av utslipp til vatn og luft frå 2021 står at datahallane vil kjølast ved hjelp av mekanisk ventilasjon, men at det ved høg temperatur utandørs kan vere behov for å supplere med kjøleteknikk som nyttar vatn. Det er og kunngjort på heimesida til North Sea Energy Park at vasskjøling vil vere tilgjengeleg. I rapporten frå 2021 står det at vatn til dette kan hentast frå dammar som i hovudsak er tenkt brukt for å handtere overvatn. Uttak av vatn til kjøling og utslipp av kjølevatn treng ikkje ha direkte kopling til spørsmål om gjenfylling av vatn og bekkar i området, men kan likevel ha verknader på vatn og vassdrag som bør vurderast i samband med søknaden om gjenfylling.

Generelt synest det som om dei konsekvensutgreiingane som er gjennomførde for prosjektet i stor grad er basert på eksisterande kunnskap, supplert med nokre få dagar feltarbeid. Fylkeskommunen sine merknader til konsekvensutgreinga som følgde detaljreguleringsplanen i 2021 er kommentert i saksframlegget frå fylkesdirektøren til møtet i fylkesutvalet 19.05.2021. Der blei det peika på at dei bygningane som planen opnar for er av ein slik storleik at kvart enkelt bygg i dei fleste høve vil utløyse krav om ny konsekvensutgreiing. Tiltakshavar har fått supplert dei tidlegare utgreiingane med ein kort rapport om undersøkingar av amfibiar og botndyr i ferskvatn, basert på tre dagar feltarbeid i mai 2023. Dette seier litt om kva som finst i dei vatna det er søkt om løyve til å gjenfylle, men gjer ikkje grunnlag for å seie noko om moglege verknader nedstraums tiltaksområdet.

Vi forstår at det er utfordrande å gje nærare detaljar om tiltaket så lenge det ikkje er konkrete utbyggjarar som står bak planane, og det gjer det og vanskelegare å vurdere konsekvensane av tiltaka. Slik saka er lagt fram, er det vanskeleg for oss å ta stilling til søknaden og ha ei klar oppfatning av om vassmiljøet blir ivareteke på ein god nok måte. Det er og vanskeleg å vurdere om dei løysingar og avbøtande tiltak som er skisserte, vil vere tilstrekkelege for monaleg å redusere moglege negative verknader.

Dersom NVE konkluderer at vilkåra for å gje løyve til gjenfylling av vatn og bekkar slik det er søkt om er til stades, rår vi til at det vil blir sett vilkår som sikrar at det ikkje blir fylt i fleire vatn og bekkar enn det som trengs, og at det blir lagt til grunn at planane må vidareutviklast for å redusere konfliktnivå. Vilkåra bør ivareta kravet om

ei trinnvis utbygging for å minske landskapsverkander, slik fylkesutvalet har peikt på i sitt vedtak.

Helsing
Hege Kilhavn
fagleiar

Steinar Eldøy
spesialrådgjevar

Kopi til:
Statsforvaltaren i Rogaland
Bjerkreim kommune

Dette dokumentet er godkjent elektronisk. Oppgi vårt saksnr. når du svarer på brevet.